

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:

Sigvard Michael Madsen sa seg ugild under handsaminga av saka.

Ordføreren sette fram slikt framlegg til endring av framlegg frå formannskapet, vilkår til Tysnesfest:

«2. Det vert nytta eit eige vergeskjema ved inngang for mindreårige.»

Representanten Arne Leite sette fram slikt framlegg til endringa av punkt 2 i vilkåra.

«2. Det vert å nytta eige vergeskjema ved inngang for mindreårige, mindreårige skal ha eiga markering med bånd.»

Representanten Anne Merete Fjeldstad gjorde merksam på at mindreårige allereie har eige band. Arne Leite trekte sitt framlegg.

Ved avrøysting vart framlegg til endring frå ordføreren samrøystes vedteke, det ligg då føre slikt samla vedtak:

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 25.04.2017:

Stiftelsen «Tysnesfest» med Sigvard Madsen som skjenkestyrar og Øystein Vaage som reservestyrar, får i samband med det årlege arrangementet "Tysnesfest", følgjande skjenkeløyve, gjeldande fram til og med 30. september 2020:

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl og vin er som fylgjer:

- **Onsdag**
Kl. 14:00-00:00 Show i Bermudatelet v/SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Torsdag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
Kl. 17:00-02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Fredag**
Kl. 12:00-20:00 Show i Bermudatelet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
kl. 17:00-02 :00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*
- **Laurdag**

Kl. 12:00 – 20.00 Show i bermudateltet v/ SPAR, Våge. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

Kl. 17:00 - 02:00 Konsert på Gjerstad. *Besøkjande under 18 år ifølge m/forelder*

Arr.stader m/ skjenkeløyve øl, vin og brennevin er som følger:

• Torsdag, Fredag og Laurdag

Kl. 17:00-22.00 Artistrestaurant i Vonheim. Ope berre for artistar som står på liste.

Me minner om at dei som får skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk også plikter å ha eit visst utval av alkoholfrie drikkevarer.

Då det ikkje vert stilt krav til aldersgrense ved arrangementa, føreset me at det vert lagt til rette med tilstrekkeleg vakthald m.m. slik at ein kan hindra at personar under 18 år nyt alkohol. Dersom omsyn til mindreårige krev det tek kommunen atterhald om moglegheit til å påleggja aldersgrense på arrangementet.

Søklar må gje tilbakemelding etter arrangementet om omsetnad slik at kommunen kan fastsetja skjenkegebyr.

1. Det skal leggjast til rette for eigen inngang for mindreårige saman med vaksne til og frå familieområde.
2. Det vert nytta eit eige vergeskjema ved inngang for mindreårige.
3. Det skal gjerast ei årleg evaluering med barneverntenesta, politi og kommuneoverlege kring erfaringar med handtering av sjenkeløyvet.